

Program for Uskedalen

17. mai 2019**Pris: 50,-**

Lodd på baksida! Fine premiar

Kom og ver med på Nasjonaldagen 17. mai 2019. Programmet er til sal på SPAR, Lises Krambu og Gro's Blomster.

Det meste er på plass dagen før dagen. Skulemusikken og Musikklaget øver på spreng. Det meste av rigginga vert gjort i løpet av dagen. Det gjeld bord, stolar og pynting. Premiane skal på plass. Det same med blomedekorasjonar og blomsehelsingar. Kaker vert bakt og gjort klart til kafesal i Aktivitetshuset. Leiar i programkomiteen, Line Soltvedt, og medlemene Ronny Lakselv og Ivar Gundersen takkar for god støtte frå bygdefolket.



MESTA har sopt og vaska gang- og sykkelvegen.

Programmet, som er til sal i tre buikkar, føl oppsett plan. Gudstenesta i kyrkja er kl. 11,15. Kjersti Boge er prest. Organist er kantor Eva Megyesi. Røysterett for Alle er som vanleg med i gudstenesta.



Skulemusikken øver til den store dagen i morgon.

Etter markeringa ved Bautasteinen går folketoget via Stemneplassen til skulen og Aktivitetshuset. Leikane tek til kl. 13.30. Ein time seinare startar festprogrammet i hallen med tale for dagen ved Knut Førland. Her vert det fleire kulturelle innslag frå kor, kops og soloartistar.

Sigmund Myklebust sviktar ikkje. Han er ansvarleg for salutten kl. 07.00.

5, klasseelevane har plukka bos i sentrum og i det område folketorget går. MESTA har sopt og vaska vegen og vegkantane.

Lukka til med Nasjonaldagen 2019. Hugs flagget.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto; Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal



Talar for dagen er Knut Førland.